



Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
Teknisk avdeling

.....

Vår ref.

18/2390-GBNR - 83/1, FA - L12, PLANNR -
2016003, NAMN - Amdam sør/BEFU

Dykkar ref.

Dato:

09.04.2018

Reguleringsplan for Amdam, melding om vedteken plan.

Ørskog Kommunestyre har i møte 22.03.2018 gjort følgjande vedtak:

KS-16/18 Vedtak:

Ørskog kommunestyre vedtar med heimel i plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplanen for bustadområde på Amdam, med plankart og føreseger dagsett 19.01.18, med følgjande endringar: Plan Id 2016003 må innarbeidast i dokumenta.

Det skal presiserast i plankart at leikeplassen er ein felles leikeplass.

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette nye bustadtomter med tilhøyrande anlegg.

Plandokumenta er revidert i samsvar med KS-16/18 vedtaket.

Plandokumenta er tilgjengeleg på kommunen si heimeside www.orskog.kommune.no og dei er lagt ut på sørviskontoret på rådhuset.

Eventuell klage skal sendast skrifteleg innan 04.05.18 til post@orskog.kommune.no, eller til Ørskog kommune, Øravegen 11, 6240 Ørskog.

Eventuelle krav om erstatning eller innløysing som følgje av reguleringsplanane, jf. pbl §§ 15- 2 og 15 - 3, må setjast fram innan 3 år frå denne kunngjeringa.

Med helsing

Beate Furstrand

Avdelingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur